

Årsmelding 2013

Vest-Telemark PP-teneste

PPT for Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje og for Telemark Fylkeskommune

1. Innleiing

I årsmeldinga for 2013 blir det gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2013. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk

materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2013 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgaver.

2. Aktuell situasjon.

2.1. Generelt

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord. Telemark fylkeskommune kjøper tenester frå Vest-Telemark PPT til sine skoler i regionen. Det er eit spreidd busetnadsmønster i Vest-Telemark, med mange og relativt små skolar og barnehagar. Distriktet har 19 barne- og ungdomsskolar, 22 barnehagar og 2 vidaregåande skolar, der ein skole er fylkeskommunal og ein er private.

PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss og gir oss råd med omsyn til budsjettarbeid. Nissedal kommunes lønnsavdeling utbetaler lønn.

2.2 Stillingar

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling.

2.3 Tilsette

Torunn Kittilsen	100 % dagleg leiar
Merete Tveitereid	100 % pp-rådgivar
Sissel Kjeldal	100 % pp-rådgivar
Einar Søreide	100 % pp-rådgivar
Sveinung Heiberg Strand	100 % pp-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 % pp-rådgivar
Elin Aakre Bringa	100 % pp-rådgivar
Åse Brit Pedersen	100 % sekretær

Åse Brit Pedersen, sekretær, fast tilsett frå 01.01.13

Antje Meinecke pp-rådgivar slutta 31.07.13

Elin Aakre Bringa pp-rådgivar tilsett frå 01.08.13

2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPT

Representantskapets medlemmar frå nov 2012:

Torstein Tveito, ordførar i Kviteseid kommune og leder for representantskapet for Vest-Telemark PPT IKS

Erik Skjervagen, ordførar, Fyresdal kommune

Halvor Homme, ordførar, Nissedal kommune

Arne Vinje, ordførar, Vinje kommune

Hilde Alice Vågslid, ordførar, Tokke kommune

Solveig Abrahamsen, ordførar, Seljord kommune, Jon Svartdal, ny ordførar i Seljord, inn frå oktober 2013

Solveig Nekstad Grave, Telemark fylkeskommune

2.5 Styret si samansetning i 2013:

Per Dehli, Seljord, leiar, vara Sverre Sæter; Nissedal

Kjersti Bergland, Fyresdal nestleiar, vara Jan Myrekrok, Vinje

Ronde Schade, Seljord styremedlem, vara Kjersti Vevstad, Nissdal

3. PP-tenesta sine oppgåver

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Opplæringslova.

"PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det" (§ 5-6).

4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2013

Opplæringslova § 5-6 blir kvart år operasjonalisert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2013 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sette for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2013. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

4.1 Visjon og hovudmål

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål: Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, læringar og lærekandidatar med særlege behov.

4.2 Vurdering av tiltaka

Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 1

PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolar i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde nær kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT.

Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"

Vurdering : Kontaktpersonordninga er ei ordning som PPT tok initiativ til i hausten 2004 for å forbetre samarbeidet mellom tenesta og den enkelte skole.

- *Hovudmål*: Saman med skolen arbeide for at elever får eit tilpassa, inkluderande og likeverdig opplæringstilbod.
- *Delmål*: Medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilde behov. Gjennom rådgiving bidra med kompetanse for å førebygge, avdekke og avhjelpe vanskar hos elever som har særlege behov

Ein vesentleg arena for samarbeid og rettleiing er TPO-team. TPO-teama etablerast som resursteam på kvar skule. Kontaktpersonens oppgåver i TPO-team er :

- Saman med skolen jobbe for at det blir utvikla gode rutinar for å førebygge, avdekke og avhjelpe vanskar hos elever som har særlege behov.
- Drøfte og vurdere skuleinterne tiltak før tilmelding til PPT
- Førtilmeldingssamtalar
- Drøfte, samordne og vurdere tiltak for elevar med særlege behov
- Oppfølging av elevar PPT arbeider med
- Delta i drøftingar om aktuelle tema som skolen eller PP-tenesta tar opp.

Nokre skoler har ikkje etablert TPO-team, eller annan fast møtestad for samarbeid med PPT. TPO-teama er ein viktig møteplass mellom skolen og PP-tenesta. Avlysingar, lite kontinuitet i møta og fråverande leiing påverkar samarbeidet uheldig.

På andre skoler har vi eit svært fruktbart samarbeid. Tydeleg leiing, rektor med, møteplan for eit år av gangen og fagleg godt samarbeid.

PPT skal gjennom rådgiving bidra med kompetanse både for å førebyggje og å avhjelpe vanskar til elevar med særskilde behov.

eks: Tilmelde systemsaker frå skolane, utviklingsarbeid, førtilmeldingssamtale..

Vurdering : Det er meld 10 systemsaker i 2013. I arbeide med slike saker går PPT inn saman med personalet for å analysere, reflektere og rettleie i forhold til skolen eller barnehagens praksis med tanke på å betre læringsmiljøet. PPT nyttar verktøy som analysemodellen, Marte Meo og kartleggingsmateriell frå Udirs nettside om læringsmiljø.

Som et av tiltaka jf. Utviklingsarbeid for Vest-Telemark PPT 2013 - 2015 har PPT hausten 2013 begynt utprøving av fast kontakttid ved fleire skolar i distriktet.

Utviklingsarbeidet har mellom anna tatt utgangspunkt i Meld. St. nr.18 (2010-2011) «Læring og fellesskap», som skisserer forventningar til PP-tenesta om å vere tettare på skulane for å arbeide førebyggjande. Med fast kontakttid ønskjer Vest-Telemark PPT å imøtekomme desse forventningane og vidareutvikle tenestetilbodet i retning av meir systemretta arbeid.

Vi ønskjer gjennom ordninga å komme inn på eit tidleg nivå og bidra til at situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring og at behovet for spesialundervisning reduserast. Ordninga vil bli evaluert første gong våren 2014, dette med tanke på vidareføring og vidareutvikling av tilbodet frå hausten 2014.(

Et anna tiltak jf. Utviklingsarbeid for Vest-Telemark PPT 2013 – 2015, er samarbeid /rettleiing ved to skoler som et ledd i PPT egen skolering som systemrettleiar. To skoler får rettleiing knytt til temaet klasseleiing. Målet her er både å gi nyttig rettleiing til de skolene som deltar, men også eigenutvikling for pp-rådgivarane.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov.

Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.

Vurdering: Dette tema er gjenstand for drøfting på TPO- møta, men også i møte kring enkeltbarn. Dei fleste kommunar har no vedtatt rutinar for å ivareta overgangar.

PPT skal delta i administrative og faglege systemtiltak.

Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.

Vurdering : Forum for utdanning er den staden der leiar av PPT regelmessig møter representantar for skoleeigar i kommunane og er såleis ein viktig arena for utveksling av informasjon og drøftingar.

Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 1

PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde nær kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngåtte samarbeidsavtalar.

Jf. Tiltaksplan vgo, gjeld Telemark fylkeskommune, egne samarbeidsavtaler med private skoler.

Vurdering : Arbeidet er utført som omtalt. Tiltaksplan er utarbeidet for Vest-Telemark VGO. Det er tildelt kontaktpersoner til både Vest-Telemark VGO og Kvitsund gymnas.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, lærlingar og lærekandidatar med særskilte behov.

Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.

Jmf. Årshjul for gjennomgåande pp-teneste

Eks: Regional samling

Vurdering: Det er ikkje gjennomført Regional samling i 2013. Det er staden blitt gjennomført fleire samarbeidsmøter mellom Telemark Fylkeskommunes administrasjon og PPT i samband med ny forskrift om inntak til vidaregåande opplæring.

PPT skal gjennom rådgiving bidra med kompetanse både for å førebyggje og å avhjelpe vanskar på område som er aktuelle for elevar og lærlingar med særskilte behov.

Vurdering : PPT møter i T-råd og i andre faste samarbeidsfora ved skolane. Førebyggjande og avhjelpande tiltak har kontinuerlig vore i fokus i samtaler knytt til individsaker og i sakkunnig vurdering.

PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til. *Jf. Tiltaksplan vgo*

Vurdering : PPT møter på T-leiarsamlingar, på samarbeidsmøter med administrasjonen og i andre fora der det blir gitt informasjon, og der tema som er viktig for vidaregåande skole og PPT blir drøfta. Samarbeidet er godt og nyttig.

PPT skal samarbeide med dei andre PPT-kontora i fylket som dekker dei vidaregåande skolane for å utvikle ein eins praksis overfor skolane.
Nettverketsmøte inntil fire g. pr. år

Vurdering : Møta er gjennomført etter planen. Dette er ein viktig arena for å samordne og skape likskap i PPTs tilbod til vidaregåande skolar i Telemark.

Delmål 2

PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og der igjennom førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 2

PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for systemretta arbeid i barnehage".
Retningslinjene fokuserer på førebyggjande arbeid, kompetansehevingstiltak og organisasjonsutvikling.

Vurdering: Alle kommunar er tildelt kontaktpersonar. Dei etablerte fora for systemretta arbeid i barnehage fungerer godt og vil bli vidareført.

PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å førebyggje vanskar hos barn og for å legge til rette for barn med særskilde behov.

Vurdering : Dette er eit utval av tema som har vore aktuelle på FSB møta

- *Rettleiing om enkeltsaker*
- *Autismespekterforstyrning*
- *Korleis korriger negativ åtferd på positive måtar*
- *Analysemodellen, korleis nytte denne modellen for å sjå problemet frå fleire sider slik at rett tiltak kan settast inn*
- *Leik/ sosialisering*
- *Språk, Udirs Språkkrettleiar, Info om språkkartlegging nytt materiell*
- *Konsekvensar, korleis nytte tilpassa konsekvensar for å korrigere uhensiktsmessig atferd*
- *Endringsarbeid/implementering*

Anna systemarbeid:

- Seljord: Kurs om betydinga av tilknytning/god utviklingsstøtte og barnehagens rolle på felles kurskveld. Oppfølging i kva barnehage med film og analyse/refleksjon av samspill (G, BE, M)
- Marte Meo rettleiing, Kviteseid, M og BE
- Marte Meo og COS, Øyfjell bhg, G og BE
- Kursdag om Barn som strever i leik, vaksenrolla/ god utviklingsstøtte, Fyresdal, BE

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organisering av tiltak og overgangar til skole for barn med særskilde behov, gjennom samarbeidet i dei kommunale nettverka (FSB) som er etablerte.

Vurdering: Dette tema er gjenstand for drøfting på FSB møta, men også i møte kring enkeltbarn. Dei fleste kommunar har no vedtatt rutinar for å ivareta overgangar.

PPT skal delta i Språknettverket i Vest-Telemark.

Vurdering : Språknettverket har representantar frå alle kommunane PPT samarbeider med.

PPT har deltatt på to av tre møter i 2013. Møta er delt i læringsøkt og fokus tid.

Diverse tema har vore oppe så som språkvanskar, metodiske tiltak, kartleggingsmateriell, fleirspråklege barn, lover/regler, Case mm. Det blir også gitt rettleiing i konkrete saker. PPTs rolle har også vore tema. Nyttig nettverk for fagleg oppdatering.

Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2

PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at hjelpetenestane har godt kjennskap til dei ulike tilboda og der igjennom kan bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid.

Eks: Kompetansenettverket(i Vest-Telemark)

Vurdering : PPT sin leiar har hatt regelmessig samarbeid med (Kompetansenettverket) leiarane i barnevernet, familiekontoret og VTbuf . Kompetansenettverkets har høsten2013 arbeid for å arrangere ein konferanse som vil finne stad i 2014.

PPTs leiar deltek i nytt tverrfagleg samarbeidsfora Kviteseid kommune.

PPT vil gi informasjon til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside.

Vurdering : I tillegg til heimesida har Vest-Telemark PPT opna ei Facebookside der vi fortløpande legg ut aktuelt fagstoff

Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 3

PPT skal gi informasjon til føresette, barnehage og skole om korleis den sakkunnige vurderinga er tenkt gjennomført og når sakkunnig vurdering er forventa ferdig. Utgreiingsplanleggar **skal** nyttast.

Vurdering : Det blir sendt ut plan til samarbeidsparter og føresette om når og kor observasjonar, testar og møte skal gjennomførast. Utgreiingsplanleggaren har vist seg å bli svært godt mottatt av føresette og andre samarbeidspartar. Den har også vist seg å være eit godt hjelpemiddel for rådgivarane for å systematisere arbeidet.

Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med Lovverk, Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet. Dette gjeld for, sakshandsamingsprosedyrar, behandlingstid, utgreiing og skriftleg framstilling.

Vurdering : Det er gjennomført 153 sakkunnige vurderingar. Av disse var 61 saker melde i 2013.

- I 94 saker var konklusjonen ja til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, og 59 med nei til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.
- Ja i 61,5 % av sakene , nei i 38,5 % av sakene.
- Behandlingstid varierer veldig frå noen få veke til fleire månader. Dette har samanheng med total arbeidsmengde på kontoret, type sak, samarbeidspartars tilgjengelegheit og den enkelte sakhandsamars effektivitet.

Tilmeldingar til PP-tenesta

År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt	
2013	55	38	93	
2012	127	52	179	
2011	163	75	238	
2010	142	66	208	

2009	177	47	224	
------	-----	----	-----	--

- Det er tilmeld 93 saker i 2013. Dette utgjør ein nedgang på 48 % frå året før.

Alder for tilmelding til PP-tenesta

Alder	2012	2013	2013	
-------	------	------	------	--

	%	%	stk	
--	---	---	-----	--

0-2 år	3	2	2	
--------	---	---	---	--

3-5 år	15	18	17	
--------	----	----	----	--

6-9 år	25	14	13	
--------	----	----	----	--

10-12 år	23	13	12	
----------	----	----	----	--

13-15 år	18	27	25	
----------	----	----	----	--

16-18 år	11	12	11	
----------	----	----	----	--

19 - år	5	14	13	
---------	---	----	----	--

- Det har vore ei forholdsvis stor auke i tilmelde sake i alderen 13-15 år. Andelen tilmeldingar har auka med 30 % i denne gruppa i forhold til 2012
- I alderen 19- år er det mange som tar kontakt for å få hjelp til tilrettelagt teoriprøve når dei skal ta føreprøven. Likeeins er det mange som treng ei stadfesting av vanskar med tanke på tilrettelegging i høgare utdanning.

Type vanskar som er melde

Vanskar	2012	2013	
---------	------	------	--

	%	%	
--	---	---	--

Hørselshemma	3	2	
--------------	---	---	--

Synshemming		2	
Generelle lærevanskar	4	9	
Samansette vanskar	3	10	
Medisinske vanskar	4	2	
Språkvanskar	38	22	
Lese- og skrivevanskar	22	17	
Matematikkvanskar	3	5	
Sosiale- og emosjonelle vanskar	22	26	
Utsett skolestart	1	3	
Prematur	0	1	
Anna	1	1	

- Andelen elever med generelle lærevanskar og samansette vanskar har auka.
- Ein markant forholdsvis nedgang i tilmelde språkvanskar
- Prosentvis nedgang i tilmelde saker om leseskrivevanskar
- Prosentvis moderat auke i sosiale og emosjonelle vanskar.

Prosentvis nye tilmeldingar til PPT

Kommune	2012	2012	2013	2013
	Stk.	%	Stk.	%
Fyresdal	14	8	14	15
Kviteseid	49	27	12	13

Nissedal	7	4	12	13		
Seljord	21	12	21	23		
Tokke	33	18	9	10		
Vinje	44	25	19	20		
Telemark fylkeskommune	11	6	6	6		

PPTs skal utarbeide sakkunnig vurdering av høg kvalitet som gir godt grunnlag for å avgjere om det skal fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settast inn tiltak innanfor ramma av ordinær tilpassa opplæring.

Sakkunnig vurdering skal gi godt grunnlag for utarbeiding av IOP/plan for spesialpedagogisk hjelp. Konkrete mål, tiltak og organisering av tiltaka skal komme tydeleg fram i vurderinga. Ev behov for særleg kompetanse bør komme fram.

Vurdering : PPT har kontinuerlig fokus på at kvaliteten på både utgreiing og dokumentet sakkunnig vurdering skal være av så god fagleg kvalitet som mogleg. Hausten 2013 har vi innført ei ordning der alle utgreiingar blir drøfta i fagmøte. Med systematisk arbeid med felles refleksjon over sakene, er tanken at vi vil auke kvaliteten i både i utgreiing og tilrådingar. Ikkje minst håper vi å få ein større felles forståing når det gjeld å konkludere om tilråding av spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og om omfang.

PPT skal i si vurdering bygge på ny evidensbasert kunnskap. Vurdering av læringsmiljøet skal ha auka fokus i TPO-arbeidet, førtilmeldingsarbeidet og dei sakkunnige vurderingane.

Vurdering : Ny forskning stiller spørsmål ved gammal forståing/etablerte sannheit om spesialundervisning og rettar i større grad merksemda mot effekten av å inkludere alle i eit felles læringsmiljø. Det er derfor viktig at PP-tenesta tar den nye kunnskapen i bruk i sine utgreiingar og vurderingar. Dette fordrar at PPT må rette enda større merksemd mot læringsmiljøet. Vi har i Vest-Telemark PPT hatt dette fokuset også tidlegare i fleire periodar i vårt interne arbeid, vi begynner nå å sjå resultatet av dette i arbeidet med sakkunnig vurdering. Å bygge sine tilrådingar på tiltak som ny forskning anbefaler gir også ein større tryggleik for at våre tilrådingar blir riktige.

Sakene vil til vanleg bli avslutta etter at sakkunnig vurdering er ferdigstilt jf. interne retningslinjer for individsaker. Rådgiving blir gitt ved behov. Ein plan for rådgivinga skal ligge føre og godkjennast av leiar.

Vurdering : Oppdraget til PPT er å sørge for at det blir utarbeida ei sakkunnig vurdering når lova krev det. Etter dette er det opplæringsinstitusjonen som gjennomfører opplæringa. PPT hjelper skolen med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa til rette for elevar med særlege behov. Det er opplæringsinstitusjonen som må definere og melde eit behov for rettleiing til PPT.

Fokusområde: Internt arbeid

Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sin kompetanse og sine strategiar for utføring av PP-tenesta sine oppgåver.

Tiltak knytt til Delmål 4

PPT vil gjennomføre eit Utviklingsarbeid i perioden 2013-2015

Gjennom utviklingsarbeidet/prosjektet «Tett på for tidleg innsats» ønskjer vi å vidareutvikle tenestetilbodet.

Hovudmål for prosjektet er:

- PPT skal arbeide etter gjeldande sentrale styringsdokument, Meld. St.18, Fire forventningar til PP-tenesta
- Kunnskap frå nyare forskning skal prege arbeidet vårt
- Bidra til god kvalitet på ordinær opplæring og dermed til alle elevars læringsutbytte innanfor ordinær opplæring
- Bidra til at omfanget av spes. undervising går ned

Meld. St. 18 rettar fokus på å vere tilgjengeleg, førebyggjande arbeid, tidleg innsats og kvalitet i tenesta.

Vurdering : PPT har arbeidet systematisk for å nå måla i prosjektet. Arbeidet er gjennomført ved systematisk sjølvstudie, intern skolering, kurs og fagnettverk. Personalet opplever eigarskap til prosjektet. Her presenteras ein oversikt over arbeidet så langt.

Tiltak haust2012/vår 2013

- *Internt utviklingsarbeid mht forbetring av sakkunnige vurderingar - 4g a 3 timar*
 - *Leggje fram sakkunnige vurderingar på felles møte. Drøfting og felles refleksjon.*
 - *Kvar sakshandsamar har utarbeidd personlege mål (nokre er knytt til sakkunnig vurdering)*
 - *Synleggjere ny forskning om korleis elevar lærer best og nytteggjere seg av denne med omsyn til utgreiing /konklusjon i sakkunnig vurdering.*
 - *Bevisstheit om aktørperspektivet i utgreiinga.*
 - *Det skal bli ein «høgare terskel» for å tilråd spes.ped. Fokus på korleis ein ved å gjere endringar i ordinær opplæring kan bidra til læringsutbytte for eleven.*
- *Læringsmiljø relasjonen ordinær opplæring og spesialundervisning*
 - *Artiklar som er lest og drøfta:*
 - *«Tilpasset opplæring/spesialundervisning-skjæringspunkt sett frå PPTs ståsted» Leif Danielsen, PP-rådgivar Halden PPT,*
 - *«Relasjonsorientert praksis og stabile læringsfellesskap-kontekstuelle og relasjonelle forhold i klasserom på skoler med lite atferdsproblemer» Anne Kostøl SePu, Høgskolen i Hamar, Sølvi Mausestaden senter for profesjonsstudier, Høgskolen i Oslo.*
 - *«Sakkyndig vurdering for elevar som trengjer tilpasset opplæring» Leif Danielsen, PP-rådgivar Halden PPT.*
 - *«Elevar som får avslag på spesialundervisning» Julie Ek Holst-Jæger, avdelingsleder Bærum PPT.*
 - *«Inklusjon findes i relasjonen mellom lærer og elev» Bente Sloth, pedagogisk konsulent og master i læreproccer.*
 - *Artikkel om Skolen i Essunga kommune, Nørrebro*
 - *Det må være rom for begge deler, forskningsarbeid -*
 - *Spesialundervisning- Drivere og dilemma – IRIS rapport*

Tiltak Vår 2013:

- *SePU høgskolen i Hamar- 4 dagar med skolering- PPTs systemretta arbeid*

Er det samanheng mellom spesialundervisning og vanleg undervisning?

- *Innføring i systemteori*
- *Veilederrollen*
- *Om anvendelse av analysemodellen i ulike sammenhenger.*
- *Case- bruk av analysemodellen*
- *Kommunikasjon i grupper med vekt på veilederrollen*
- *Innovasjonsprosesser og endringsarbeid.*

-

Det vil bli prioritert kompetanseheving/kurs som relaterer seg til aktuelt prosjekt.

Vurdering: Sjå i punktet over.

PPT skal delta i fagnettverk for PPT tilsette i Telemark.
Gjeld ulike nettverk som barnehagenettverket, vgo-nettveket, nettverk for vaksenopplæring, læringsmiljø, mm

Vurdering: *Vgo-nettverket er det nettverket som har eksistert lengst. Det har vært et viktig faglig forum for pp-rådgivarar som har arbeid retta mot vidaregåande skole. Det er gledeleg at vi no har fått nettverk for vaksenopplæring opp å gå, da det her på vårt kontor ofte er ein som utfører oppgåver på dette området. Det blir da viktig å samråd seg med andre som har liknande oppgåver på andre kontor. Det er gjennomført 3 nettverksmøte i fagnettverket for pp-rådgivarar som jobbar inn mot barnehagar. På møta har det blitt gitt informasjon om korleis ein løyser ulike oppgåver på de forskjellige kontora. Minoritetsbarn var tema på sist møte. Aktiviteten i Fagnettverket klasseleiing er gjort greie for i punktet over.*

5. Driftsrekneskap 2013

Inntekter 2013	Utgifter 2013	Resultat 2013	Rev. budsjett 2013
7 122 169,53	6 863 924,33	258 245,-	6 930 418,00

5.1 Avvik

Året avvik er små.

Årets overskot ligg i mellom anna i postane 17100 Innbetalte sjukepengar kr. 48 324,- og 17750 Refusjon frå Telemark fylkeskommune er kr.65 425,- større enn budsjettet.

5.2 Prioriterte oppgåver

Vi har prioritert fagleg oppdatering av dei tilsette. Mellom anna med 4 dagars skolering for alle tilsett, Systemisk arbeid med læringsmiljø v. Sepu, Høgskolen i Hedemark og planleggingsdag v. Thomas Nordahl. Vi har fornya datamaskinene og oppgradert arbeidsplassen for enkelte medarbeidarar med nye stolar, heve/ senke bord.

5.3 Reneskapsmessige resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr. -258 245,-
Det er ei underdekning i investeringsrekneskapan på kr 24 586,-
Mindreforbruk til disposisjon er 233 659,-

6. Oppsummering 2013

Nedgang i tilmeldingar

Også i år har vi sette ein nedgang i tilmeldingar. Vi kan håpe på at fleire års arbeid med informasjon om skolen ansvar for å prøve ut tiltak innanfor ordinær opplæring før ei eventuell tilmelding til PP-tenesta, har gitt effekt. Vi må nok også legge noe av nedgangen, på den lovendinga som kom i haust som understreket nettopp dette.

Meir systemarbeid

Nedgangen i tilmeldingar har gitt PP-tenesta større muligheit til å arbeide systemretta. Frå hausten 2013 har vi satt i gang eit forsøk med fast kontakttid ved fleire skoler i distriktet. Kontakttid er eit lågterskeltilbod der eit av formåla er at PPT skal kome tidleg inn og rettleie før problema har utvikla seg og gir råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring.

Tilrår mindre spesialundervisning

Vest-Telemark PPT har retta fokus mot ny kunnskap frå forskning om kva slags opplæring som gir best læringsresultat . Den peikar på at elevar lærer best når de høyrar til ein klasse, har gode relasjonar både til sine lærarar og medelevar, møter god klasseleiing, tilpassa undervisning og systematisk vurdering og tilbakemelding på skoleprestasjonane sine. Dette gjeld og for elevar med lave skoleprestasjonar viser internasjonal forskning.

Vest-Telemark PPT har satt større fokus på kva som kan gjerast innanfor ordinær opplæring for å styrke elevars skoleprestasjonar. Dette har påverka PP-tenesta til ein høgare terskel for anbefalingar om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.